

## Innspel til revisjon og konsesjonssøknad for Røldal-Suldal Kraft

**Saknummer: 202320330 og 201913014**

31.08.2024

Eg har vokse opp i ei lita bygd i Ullensvang kommune og har brukt mykje av fritida mi på jakt, fiske, ski og fjellturar i reguleringsområdet. I tillegg har eg hatt arbeid som har ført meg til Valldalen både om sommaren og om vinteren. Eg har vore vekke for å studere i nokre år, men har alltid hatt eit ynskje om å flytta heim til Ullensvang etter at studiane er avslutta. Det finst mange grunnar til at eg set pris på heimstaden min, fyrst og fremst er det moglegheitene på og rundt Hardangervidda som gjer den unik for meg.

Eg har imidlertid vanskar med å forstå prosessane rundt revisjon og søknadar om nye kraftanlegg. Det verkar merkeleg at søknaden om pumpekraft frå Valldalen og tapping frå Votna til Valldalen blir vurdert til å ha små konsekvensar. Det er altfor mykje usikkerheit knytt til ferdselen i Valldalen, og dette prosjektet som Lyse ynskjer å setje i gong vil utan tvil forverra forholda for ferdsel. Regulering av vasstanden med inntil 2 meter per døgn i eit område der folk må ferdest, kan umogleg ha avgrensa negativ innverknad.

Det er også svært urovekkjande at det ikkje blir foreslått løysingar for dei problema kraftverket vil medføra for ferdselen mot Hardangervidda. Heilt sidan eg som ung var med på vidda så opplevde me skremmande episodar og problem då me skulle reisa innøve Valldalen vinterstid. Alle snakka om at det ikkje blir betring før konsesjonen går ut, då fyrst kan me stilla krav. No veit me jo ikkje utfallet av desse sakene, men det er heilt tydeleg at Lyse gjennom konsesjonssøknad og revisjon ikkje legg opp til forbetringar slik me hadde sett fram til i forbindelse med heimfall i 2022 og ny «avtale». Utsiktene er no at det blir verre enn nokon gong – områder vil kunne bli uframkommelege og livsfarlege.

Dersom Lyse "får viljen sin" og slepp å ta ansvar for sikker ferdsel i Valldalen, vil det vere ein betydeleg dempar på ynskje om å flytta tilbake til Ullensvang etter at studiane mine er fullførte. Eg trur mange vil tenkje det same dersom dette blir den realiteten me står overfor. Heile situasjonen framstår som eit evigvarande mareritt for innbyggjarane i kommunen. Mange toppolitikarar har uttalt at "Valldalsdammen og utbygginga på 1960-talet aldri ville skjedd i dag". Samstundes kjem det søknad i 2024(!) der konsekvensane av Røldal-Suldal anlegget vert betydeleg forverra i forhold til det ein gjennomførte for 60 år sidan.

Eg har alltid trudd at me i Noreg lever i eit rettferdig og realt samfunn. Men etter å ha lese konsesjonssøknaden til Lyse, er eg redd for at eg må revurdere det. Eg vil påstå at dei

fleste bur i bygdene i Ullensvang kommune på grunn av den fantastiske naturen me har her. Det er ein konstant kamp mot sentralisering og nedbygging av alt som gjer livet i bygdene godt å leva. Det er derfor viktig at dei som styrer landet, ser verdien av at folk held stand og tek vare på distrikta. Eg tvilar på at utkantane og distrikta i Noreg vil forbli den "turismagneten" det er i dag, om alle flyttar vekk. Husa forfell, utmarka gror att, og det ikkje blir butikkar å oppdriva på fleire titals mil. Vi må ta vare på det verkelege gullet i Noreg – og det er ikkje olja eller vasskraftutbygging på same måte som på 60-talet. Me må utvikla vasskraft på ein berekraftig måte som tar vare på naturen og menneska som lever der.

Hydro-Lyse ser ikkje ut til å vere særleg rause med verken lokalsamfunnet eller natur. Her er det kun fokus på milliardane dei kan tena. Dei føreslåtte avbøtande tiltaka og "positive verknadane" verkar meir som ein spøk. Til dømes ei gigantisk steinfylling midt i bygda Røldal.

Difor ber eg dykk om følgjande:

I revisjonen – ta vare på folka! Ta vare på naturen! Kom med krav som gir oss tru på at Noreg fortsatt har integritet. Utbyggjar har fått ei gåvepakke hinsides, og minstekravet bør vere å forbetra levekåra til dei som blir råka av dette.

Når dykk handsamar konsesjonssøknaden – forkast den! Som den føreligg no, vil det innebære alvorlege ulemper for lokalsamfunnet. Vennlegst prioriter naturen og folka som bur her, og handsam revisjonen fyrst.